



Årsmelding 2020

For Møtepunkt B og Sandane Normisjon



Styret for Sandane Normisjon og styret for Møtepunkt B er det same, så dette er årsmeldingane for begge laga.

2020 skulle verte det året der vi «satte oss», fekk på plass strukturar, medlemskap, fekk skyte fart i felles retning inn i framtida, særkilt med tanke på korleis vi kunne bety ein forskjell for omlandet vårt. Slik gjekk det ikkje.

I mars stengte Norge ned og pandemien har fulgt oss sidan. Dette satte ein effektiv stoppar for normaldrift og årsmøte, friviljug teneste og vidareutvikling. I september fekk Vegard Tennebø ei hjernerysting og vart ute av drift resten av året og var ikkje skikkeleg tilbake før i mai 2021. Så på mange måtar vart dette eit år med ein følelse av tilbakeslag, kjeppar i hjula og avstand.

Det har vore krevjande å halde skuta flytande i løpet av året når ting vart så til dei grader annleis enn vi hadde sett føre oss.


Dette har likevel skjedd i løpet av året.

- 5 vanlege søndagar med Møtepunkt B på bedehuset før 12 mars.
- 1 fellesskapshelg på Fjordly
- 4 digitale sendingar i løpet av påska.
- 6 digitale gudstenester i løpet av våren.
- 1 digital medarbeidarsamling
- 2 barnesamlingar på bedehuset haust
- 2 vaksensamlingar på bedehuset haust
- 1 ungdomsmøte i bedehuskjellaren
- 1 alphakurs for ungdom med ca 15 deltakarar, som vart ein miks av fysiske samlingar og digitale samlingar.

Så sjølv om det er langt under den normalaktiviteten vi kunne ønske vi hadde, er det forholdsvis mykje som likevel har skjedd i og utifrå bedehuset. Og mange mange friviljuge har gjort ei stor teneste med å gjennomføre alt dette. Det vil vi i styret takke for!

Vi har ikkje grådige mange fastgjevarar i Møtepunkt B, men dei vi har stort sett oppretthalde gjevatenesta si gjennom året. Det er vi takksame for og gjer at vi står betre økonomisk rusta for framtida enn i fjor. Sjølv om det har vore unormal og lågare aktivitetsnivå, betyr ikkje at pengane som er gjevne har gått til spille. Dei står i trygg forvaring på våre konti. 10% av alle kollektar har framleis gått til misjonsprosjektet vårt og 10% til regionen.

Litt om digital produksjon:



Som så mange andre vart vi tvungen til å vere kreative på korleis vi kunne nå ut til fellesskapet når i ikkje kunne samlast. Tanken var at vi ville skape noko som var gjenkjennbart for dei som brukte å vere på Møtepunkt B, samstundes som vi viste at vi ikkje kunne skape akkurat det same digitalt. Vi hadde innspelingsdagar med musikk og band 4 kveldar, og resten, tale, møteleiing, tekstlesing o.l. vart gjort undervegs. Det vart lagt ned eit vanvittig stort arbeid i å få dette til. Vi lærte at slike sendingar er ressurs -og tidkrevjande. Streamingsoftware, synkronisering av lyd og bilete, folk til å både ta opp, redigere, synkronisere og sende – alt måtte lærast og organiserast.

Vi gjekk inn i det med liv og lyst utan å kunne noko som helst om det, men syns at det vi fekk til vart bra. Vi har hatt godt over 5000 visningar på desse videoane som framleis ligg ute på facebook. Det syns vi er verdt å feire.

Etterkvart som skjermtrottheten hos mottakarane vart merkbar, vart det for krevjande å halde dette igang på produksjonssida.

Fellesskapsweekend

Vi fekk ha ei utruleg flott weekend på Fjordly i slutten av februar. Ca 50 stk. frå Møtepunkt B var på tur og leir saman på Fjordly. Fellesskap, måltid, leik og kativitetar, lovsong og tilbeding og tid saman var deilig og vi naut det. Tusen takk til Irene, Lovise og Emilie og Aina som drog i trådane og organiserte denne helga for oss. Dette ønskjer vi å få il fast ein gong i året. Det er noko med å reise bort saman, ha litt betre tid. Ungane får bli kjent med kvarandre og får bygd tryggleik og venskap, og vi vaksne får tid midt i ein travel kvardag.



Ungdomsarbeid



Planen var å starte opp ungdomsarbeid i løpet av 2020. Hovedansvarlege er Vegard og Inger Johanne Blikra Fagerli. Vi var godt igang med planlegginga. Hadde rekruttert medarbeidarar og snakka med ungdomane om kva dei ønskte. Vi rakk å ha ei samling på bedehuset. Brita Austreim haddde laga pizza og vi starta ungdomsalpha. Etter kvart som Norge og resten av verda stengde ned, heldt vi fram på zoom, og fekk ei god avslutning på seinvåren på Giljeneset. Ungdomsarbeidet har halde fram i grupper og sporadiske samlingar.

Ny logo:

I samband med dei første digitale samlingane vi hadde, laga vi ny logo. Ein sirkel rundt korset med namnet vårt. For det er det vi er – eit fellesskap rundt Jesus. Det knyt oss tydelig saman med Normisjon, som er vår organisasjon ved bruk av deira logo i vår. Den er rein og klår i uttrykket, lett å hekte på bileter og fungerer godt både digitalt, på papir og som vanmerke på bileter.

Vi håpar at denne kan tene oss vel og kan gjenkjennast av mange ettersom vi brukar den.



Bygget



Noko oppgradering er også gjort på bygget i 2020. I mars sette vi inn glasdører mellom peisestova og storsalen. Dette er skyvedører, så vi beheld fleksibiliteten med å kunne lukke og opne alt ettersom det passar, samstundes som det er noko lydisolering i glaset som gjer at ein kan lukke og ha dei minste barna der når vi har møter. Vi starta også prosessen med å male peisestova, gongen og etterkvart skal også garderoben få fin lys farge.

Vi kjøpte også inn 4 lysspottar (fresneller), lysdimmar som henge i taket og gjev godt lys framme og og 4 par-cans som kan stå på golvet. Vi har vore heldige og fått lånt ein del utstyr av Andes Bruland i Førde, men etterkvart skal han ha tilbake sitt. Då treng vi å gjere små investerinar undervegs så vi er sjølvhjulpne på dette. Vi har jamnt over gode utleigeinntekter på utstyret, som blandt anna er leigd ut til Nordfjord folkehøgskule når dei skal ha større arrangement.



Takk:

Styret vil takke alle frivillige medarbeidarar i dette vanskelige året. Vi lever framleis under visjonen «Jesu Kjærleik for våre bygder gjennom våre liv». Vi treng fellesskapet for å få dette til. Vi har alle kjent på at å vere kristen åleine ikkje er rett fram, og at «mi tru» er vevd inn i «vår tru» på måtar som er djupe og samansette. Difor gledar vi oss til å atter kunne samlast.